
Fra: arild@aasegarden.no
Sendt: mandag 18. mai 2020 15:37
Til: Per Ole Ekker; Jan Gunnar Hovden; Olav Steinar Namtvedt;
arne@nbksport.no
Kopi: Eirik Bouwer Utne; Postmottak Alver; Morten Dale; 'Martha Thorsheim'
Emne: SV: Anleggsstrategi for Alver kommune 2020-24

Hei

Vedrørende innspel til plan for anleggsstrategi, har eg spørsmål til dei planane som låg hjå Lindås kommune før samanslåing til Alver. Det låg på første prioritering å bygge kampsportlokale i Lindås Kommune og Knarvik. Dette er noko vi har kjempa for å få inn i planen i 9 år gjennom Knarvik gruppa og idrettsrådet. Dette skulle prioriteres i samband med Knarvik Arena, men prosjektet har misforstått og oversett idretten og laga eit trimrom som ikkje tilfredstiller krava og størrelsen for kampsport ihht innspel frå behov frå idretten og myndighetskrav til utforming.

Lindås Idrettsråd har arbeid med denne saka i lang tid og saka er no overført Alver idrettsråd. Vi i kampsport miljøet venter fortsatt på ei avklaring frå kommunen, om når kampsport som var på første prioritet for anlegg i Lindås kommune sin anleggsplan for idrett, skal få sitt tilpassa areal som lova. Dette håper vi fortsatt ligg ved som høgste prioritering, når no Alver Kommune er i gang med vidare plan.

Regner med at samarbeidsavtalen mellom Alver Kommune og Alver Idrettsråd er lik den som var i Lindås Kommune. All idrett og anlegg skal gå gjennom kommunens idrettsråd.

Håper på svar snarast og på førehand takk.

Mvh
Arild Aase
Hovedtrener Nordhordland Karateklubb

Fra: Per Ole Ekker <per-ole.ekker@alver.kommune.no>
Sendt: mandag 18. mai 2020 14:50
Til: Jan Gunnar Hovden <jan.gunnar.hovden@alver.kommune.no>
Kopi: Eirik Bouwer Utne <eirik.utne@alver.kommune.no>
Emne: Anleggsstrategi for Alver kommune 2020-24

Idretts- og friluftslivsplanen vår er no på rullering, og du og din organisasjon kan gi innspel til handlingsdelen fram til fristen 19. juni.

Anleggsstrategi for Alver 2020-2024 er samordninga av idretts- og friluftslivsplanane frå dei tre tidlegare kommunane, og skal fungere fram til ny idrettsplan er klar. Send inn dine innspel gjeldande handlingsdelen til post@alver.kommune.no, eller Alver kommune - Pb4 - 5906 Frekhaug, og merk med «Rullering Anleggsstrategi for Alver». Har du spørsmål, ta kontakt med idrettsrådgjevar Jan Gunnar Hovden – [E-post : Jan.Gunnar.Hovden@Alver.kommune.no]. Alver idrettsråd, ved leiar Olav Steinar Namtvedt, representerer idrettens felles interesser - ta gjerne kontakt med dei også.

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
www.alver.kommune.no
Jan Gunnar Hovden -Idrettskonsulent
Tlf: 46299650



ALVER
KOMMUNE